



Iver Andreas Blokkum vinn for Ternen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På tradisjonelt vis vart tevlingssesongen runda av med Kvinnherad-meisterskap i stafett og det vart to jente-sigrar for uskedalingane under ideelle ver- og føretilhøve i Fjellhaugen i dag. Det var damelaget og laget 13-16 år som vann. Herrelaget vårt måtte gje tapt med 44 sekunder for Ternen etter ein frisk innsjurt av Iver Andreas Blokkum.



Damene frå Uskedal som vann: Cathrine Haugland, Sara Hjelmeland Arnesen og Ingebjørg Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen) Det var 23 deltakande lag og 7 av dei kom frå Uskedalen. Før KM-oppgjeret var 25 med i barerennet. Det var nokre færre enn det har vore i karusellrenna tidlegare denne vinteren, men snøveret på morgonkvisten påverka kanskje frammetet.



Starten går – for 15 av laga (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal og Omvikedalen var saman om eit godt arrangement der ikkje minst Sigurd Børve var flink med mikrofonen. Det var ikkje mange fakta-opplysningar han gjekk glipp av.

Men det skjedde ein glipp då eit lag frå Uskedal havna i feil klasse. Johannes Haugland, Marius Myklebust og Tord Sæle frå klasse 13-16 år stilte i 8-12 år, der dei forøvrig fekk beste tid.



Dei yngste startar i Fjellhaugen (Foto: Ola Matti Mathisen)

I jenteklasse 8-12 år vann Rosendals sitt første lag foran Uskedal, som stilte med Ingvill Ersland Myklebust,

Sunniva Ersland Myklebust og Veslemøy Haugland.

Rosendal sitt første lag sigra i klasse 8-12 år for gutane medan klasse jenter 13-16 år vart vunne av Uskedal med Solveig Haugland. Maren Bjørnebøle og Kari Bråtun. Rosendal sitt andrelag vann guteklasse 13-16 år.

I sigerslaget til damene stilte Uskedal med Cathrine Haugland, Sara Hjelmeland Arnesen og Ingebjørg Haugland og trioen var så mykje som

8 minutter raskare enn Rosendal på andrelassen medan Uskedal sitt andrelag

Helene Bjørnebøle, Astrid Haugland og Kjersti Bråtun vart nummer 3.

I klassen for menn var Håvard Pedersen, Magne Heien og Iver Andreas Blokkum på det sigrande laget medan Uskedal 1 stilte med Ole Vidar Monsen, Oddmund Soldal og Stig Berge Soldal. Uskedal sitt lag nummer 2 kom på sjuandeplassen med mannskapet Bjarne Lilleaas, Steinar Haugland og Pål Haugland.

Ski-interessa er for øvrig i stor grad ein familiær sak. Det var grunn til å merka seg at det ikkje berre var 3 generasjonar å finna i Uskedal-kontingenten – det var også tre mødre med døtre!

Av Ola Matti Mathisen



Også i klasse 13-16 år vart det siger for Uskedal, ved Solveig Haugland, Maren Bjørnebøle og Kari Bråtun. (Foto: Ola Matti Mathisen)